

VAKSDAL  
KOMMUNE

# KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL 2017-2028



**vaksdal**  
kommune  
BYNÆRT BYGDELIV







Kjære innbyggjar!

I 2017 har kommunestyret vedtatt ein ny samfunnsdel til kommuneplanen vår. Her peikar me på dei viktigaste verdiane me ynskjer skal kjenneteikna lokalpolitikken og utviklinga i Vaksdal dei neste 10 åra. Me har ikkje kunna ta for oss alt, men har fokusert på dei områda som er særleg viktige å gje eit løft.

Folkehelse er eit stort og gjennomgåande tema. Viktig er også vekst og utvikling, som grunnlag for inntekter til kommunen og kvaliteten på dei tenestene du kan forventast av kommunen.

Store endringar i lokalsamfunna vil koma med statleg utbygging av ny E16 og jernbane. Dette gjev eit potensialet for vekst og utvikling, og det er viktig å nytte høvet til ei positiv samfunnsutvikling. Me vil nok oppleva «vekkesmerter», men held me eit stødig blick på framtida vil grunnlaget for eit godt resultat vera det beste. Me håpar denne samfunnsdelen, i lag med ny arealdel og gode områdeplanar for Vaksdal og Stanghelle vil vera eit godt fundament for framtida. Seinare vil og andre delar av kommunen få sine områdeplanar.

Med venleg helsing

Eirik Haga  
Ordførar

## Innhald:


Side x Om samfunnsdelen


Side x Visjon for Vaksdal

Side x Prosess og medverknad

Side x Status og utfordringar for Vaksdal kommune

Side x Mål og strategiar for utvikling i Vaksdal





## OM SAMFUNNSDELEN

Samfunnsdelen er eit strategisk dokument, og fungerer som overbygning for andre planar i kommunen. Her skal ein sikre heilskapleg planlegging for berekraftig samfunnsutvikling. Samfunnsdelen skal handsame langsiktige utfordringar, og vise mål og strategiar for kommunen som samfunn og organisasjon.

Samfunnsdelen stakar ut strategiane kommunen skal arbeide med dei neste 10-12 åra.





Vaksdal

## VISJON FOR VAKSDAL

### Bynært bygdeliv

Vaksdal kommune er kjenneteikna av nærleik, samhold og omsorg. Det er eit samfunn der ein bryr seg om kvarandre. Lokal identitet gjennom mangfald, landskap, kultur, historie og næringsliv er viktige berebjelkar i lokalsamfunnet.

Å vere bynær er ei viktig føremon for utvikling av kommunen. Vaksdal nyttar nærliggande sentrum, som Voss og Bergen, til mange service- og tenestefunksjonar, og har såleis eit nært forhold til begge desse stadane.

Å ta vare på, og utvikle det gode med bygda, og samstundes nytte seg av dei mogelegheitene nærleik til byane gjev, er ei viktig føremon i all utvikling i Vaksdal framover.

For Vaksdal kommune handlar det om «Bynært bygdeliv».

### Verdigrunnlag


I mål- og strategiarbeid er det nyttig med eit verdigrunnlag som syn-er kva vi står for, kva vi vil og kven vi er.

Verdigrunnlaget er sektorovergripande, og vi arbeider for desse

verdiane uavhengig av sektor eller nivå. Verdiane skal liggje til grunn for kommunen sine val og målsetjingar. Godt fundamentert i visjonen til Vaksdal om «bynært bygdeliv», arbeider vi vidare med ei tredeling av verdigrunnlaget:

1. *Nyskapande*
2. *Open*
3. *Samhald*

Verdigrunnlaget er arbeidd fram i kommunestyret. Verdiane danner grunnlaget for utvikling av kommunen dei neste 10-12 åra.



*Verdigrunnlaget for Vaksdal kommune*

## PROSESS OG MEDVERKNAD

Ein god medverknadsprosess er viktig for at innbyggjarane i kommunen skal få uttale seg og verte høyrd. Som del av kommuneplanprosessen har kommunen hatt fire folkemøte; eitt for kvar av stasjonsbyane Dale, Stanghelle og Vaksdal og til slutt eit møte på Stamnes.

I hovudsak fokuserte ein på arealdelen i møta, men noko var og knytt til samfunnsdelen. Møta gav gode drøftingar om framtida for kommunen, og innspela er tatt med vidare i planarbeidet.



*Folkemøte*





*Vaksdal - industribygg*

## Status og utfordringar for Vaksdal kommune

Vaksdal kommune ligg mellom Voss og Bergen. Stamvegen mellom Bergen og Oslo, E16 går gjennom sentrale delar av kommunen og gjev effektiv kommunikasjon mot aust og vest. I tillegg gjev dei tre stasjonsbyane Vaksdal, Dale og Stanghelle nær tilkomst til Bergen og Voss med tog.

Kommunen har eit areal på 732 km<sup>2</sup> og har i overkant av 4100 innbyggjarar. Naturen er variert, frå høg fjell og dalar, til djupe fjordlandskap.

Kommuneplanen for Vaksdal skal vere med på å løyse utfordringane kommunen møter framover. Den skal gje retning og inspirere til felles arbeid for felles målsetjingar.



## Bustadutvikling

Trendane i samfunnet syner at variasjon i type bustader i bygdekommunar er meir aktuelt enn før.

Tidlegare har einebustader vore den føretrakte bustadforma for mange. Ein ser no at tomannsbustader, rekkehus og leilegheiter gjerne er like populært. Variasjonen av bustadformer vil og trekke til seg fleire typar aldersgrupper, i forskjellige fasar av livet.

Bustadutviklinga må dimensjonerast i samsvar med forventta folketalsutvikling. Samstundes er det viktig med ei viss overdimensjonering, då det er ynskjeleg å legge til rette for busetjing fleire stader. I tillegg veit ein ikkje sikkert kvar presset på nye bustader vil vere størst.

Med kommuneplanen sin arealdel som styringsdokument, ynskjer ein i Vaksdal kommune å styrke desse busetjingsområda, både ved å halde på eksisterande aktivitet, og samstundes skape ny.

Grunna arealpress frå Bergen, kan veksten i kommunen auka. Det er difor viktig at kommunen er budd på desse endringane ved å ha gode og varierte mogelegheiter for bustad, og tilfredstillande servicetilbod i sentra.

## Næringsutvikling

Historisk har kommunen hatt hjørnesteinsbedrifter som bærande element. Samfunnsutviklinga har ført til at stor del av tradisjonelt næringsliv er endra, og at det er behov for å finne nye næringsvegar.

I tillegg til kjent industriproduksjon, varehandel og servicenæringar, representerer landbruket næringsvegar innanfor tradisjonelt jordbruk, skogbruk, bygdenæring og utmarksbruk.

Vaksdal vil framheve dei gode sidene ved bynært bygdeliv, for entusiasme og framtidstru. Kommunen skal vere ein attraktiv stad for dei som ynskjer å etablere og drive næring. Her er gode kommunikasjonar med jernbane, tilgang til næringsareal- og lokaler og nære naturkvalitetar gode kjelder for etableringar i næringslivet. Naturbaserte næringar og næringsklynger er eksempel.

Vaksdal næringssselskap er ein aktiv pådrivar for å gjere kommunen attraktiv som bu- og arbeidskommune.

## Folketalesutvikling

Folketalet i kommunen er stabilt, og prognosane for 2025 syner ei auke på om lag 200 personar i områda Vaksdal, Stanghelle og Dale. Dette er ein utfordring som kommunen må vere budd på, ved å legge til rette for utviklinga både når det gjeld bustadområde, skule og nærmiljø.

## Samferdsle

Det er store utfordringar knytt til samferdsle i Vaksdal kommune. Hovudvegen E16 er saman med jernbana heilt avgjerande for kommunikasjon, vekst og utvikling i kommunen. Denne hovudåra er per i dag så utsett for rasfare, og har så høg ulykkesfrekvens, at det utgjør eit samfunnsproblem.

Dette, saman med eit vegnett i svært varierende stand, gjer at samferdsle vil vere ein av dei største utfordringane for Vaksdal kommune i tida framover.

Vaksdal kommune vil arbeide for at regionale og statlege mynde prioriterer ny E16 og Vossabane, og vil ikkje skape hindringar for framdrifta i desse prosessane. Samstundes skal kommunen syte for at den er budd på endringar som kjem som følgje av prosjektet. Ny E16 og Vossabane kan verte ein vesentleg vekstfaktor for dei sentrale delane av kommunen. Det er difor avgjerande at reviderte arealplanar er framsynte og legg til rette for kvalitet, slik at heile potensialet som ligg i denne utviklinga kan komme innbyggjarane til gode.

Vidare er det viktig å syte for tiltak som kan betre situasjonen for transportsystemet i Vaksdal i dag. Det er trong for rassikring både langs hovudveggar og lokalveggar, og planar må syte for at ungane i kommunen har trygg veg til skule og fritidsaktivitetar.

Vaksdal kommune ønskjer og å jobbe for betre kollektivdekning og at fleire nyttar kollektivtransport, ikkje berre til og frå arbeidsplassen i Bergen eller på Voss, men og internt i kommunen.



*Jernbanestasjonen på  
Vaksdal*

## Oppvekst

Det er fem skular og fire barnehagar i Vaksdal kommune. Skulane er lokalisert på Dale, Stanghelle, Vaksdal, Stamnes og Eksingedalen. I 2013 utarbeida kommunen kommunedelplan for oppvekst. Målarbeidet i planen handlar om å ivareta og vere gode på samarbeid, og å skape høg grad av mestring og trivsel. Ei resurskrevjande utfordring for oppvekstsektoren er eit lågt elevtal, og få barn fordelt på skulane.




Barn fra xxx barnehage på  
xxx

## Helse

Med folkehelseleva og samhandlingsreforma, har kommunane fått eit meir heilskapleg ansvar for helse, og samstundes eit større handlingsrom.

Den største utfordringa innanfor helse i Vaksdal kommune framover, er gapet som vil oppstå mellom krav/behov for tenester, og dei tenestene det offentlege kan yte. Endringar i befolknings-samansetninga og sjukdomsbiletet høver ikkje overeins med dei tilgjengelege ressursane kommunen har innanfor økonomi, personell eller kompetanse. Det vert også peika på at tenestene er lite heilskaplege, og at ein treng meir koordinering og samarbeid. Det store fokuset på behandling går på bekostning av førebyggjande og rehabiliterande innsats. Det er utarbeida kommunedelplan for helse og omsorg 2015-2030.



## Kultur

Vaksdal kommune har eit aktivt og variert kulturliv. Om lag 70 lag og organisasjonar er lokaliserte her, og er med på å gje innbyggjarane gode fritidstilbod. Av større kulturarrangement, kan følgjande nemnast:

- Daledagane
- Vintertreffet
- Bygdedagar i Bergsdalen
- Kultur dagar på Stamnes
- Eksingedalsmarknad på Lavik

«Kultur for alle» er målsetjinga kommunen har sett seg. Kulturlivet skal såleis vere ein identitetsskapande og inkluderande arena for folket.

Kulturplanen til Vaksdal kommune er revidert i 2016.



*Barnas Festspilldag (årstall)  
Foto: Thor br+ (??)*



## Natur- og friluftsliv

Vaksdal kommune er rik på natur- og friluftskvalitetar. Nærleiken til fjorden, med sin særeigne kystkultur, er tett på bratte lier og fjell. Bergsdalen og Eksingedalen er grøderike jordbruksbygder, som og er innfallsportar til attraktive fjellområde. Dette er ein ressurs for opplevingar og rekreasjon både lokalt og regionalt.

## Samfunnstryggleik

Vaksdal kommune har fleire naturlege føresetnader som gjer at kommunen ligg utsett til for både ras og flaum. Daleelva svingar seg gjennom sentrum og fleire bustadområde, og kan flaume over ved store nedbørmengder. Kommunen er såleis utsett for venta klimaendringar med meir nedbør.

Heile Vaksdal kommune har rasproblematikk. Høge, bratte fjellskrentar i store delar av kommunen set busetnaden i ein potensiell fare for risiko.

Kommunen har eit generelt og grunnleggjande ansvar for å ta i vare innbyggjarane sin tryggleik innanfor sitt geografiske område. Beredskapsplanen og dei overordna ROS-analysane er difor levande dokument som vert oppdatert ved behov. Tryggleik i kvardagen er eit viktig mål i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap.



*Daleelva*



*Dale barne- og ungdoms-  
skule*

## Mål og strategiar for utvikling:

Samhald, open og nyskapande er verdigrunnlaget som Vaksdal kommune har kome fram til. Verdigrunnlaget skal vere retningsgivande for utviklingsarbeidet i kommunen.

**Samhald** er tufta på ynskje om å skape eit samfunn som ber preg av likeverd og rausheit. Det å føle seg inkludert, er viktig både for ein sjølv, og for samfunnet generelt. I samhald ligg det å framsnakke kommunen sin, og å vere med på å skape utviklinga av Vaksdal kommune i ynskt retning.

**Open** skal bygge på det å vere god på informasjon og kommunikasjon i kommunen. Den opne haldninga skal bidra til at fleire kjenner seg imøtekomne i kommunen, enten dei er tilflyttarar, tilreisande eller innbyggjarar. God kommunikasjon skal bidra til ryddige og transparente prosessar, der kommunen spelar på lag med innbyggjarane. Det opne samfunnet er med på å bidra til trygge oppvekstvilkår.

**Nyskaping** gjer Vaksdal kommune meir innovativ og nytenkande. Skaparkrafta skal fremjast og satsast på, og gje grunnlag for nye idéar for samfunnet. Vaksdal kan utvikle sine fortrinn, for å fremje styrkar og identitet.

# Samspel

## HOVUDMÅL:

**Vaksdal kommune skal vere ein inkluderande og trygg stad å bu for alle.**

### DELMÅL 1 TRYGGE OG UTVIKLANDE OPPVEKSTVILKÅR FOR BARN OG UNGE

Strategiar:

- Trygg ferdsel mellom viktige funksjonar i kvardagen
- Møteplassar som inviterer til leik og aktivitet
- Skular og barnehagar som bidreg til utviklande og gode læringsmiljø

### DELMÅL 2 AKTIVITET FOR ALLE

Strategiar:

- Tilgjengelege turløyper som startar frå sentrum og der folk bur.
- Lavterskeltilbod og universelt utforma turløyper, slik at alle kjem seg ut i fysisk aktivitet.
- Støtte uorganisert ungdom, som ikkje ynskjer faste rammer rundt sine aktivitetar.
- Leggje til rette for at gange/sykkel er eit godt alternativ til bil på veg til arbeid.
- Leggje til rette for aktivitet, meistring og deltaking for alle i samsvar med kommunedelplan helse og omsorg.
- Arbeide for gode uformelle møteplassar.
- Stø opp om aktivitetar for livsmeistring.
- Sikre almen tilgang for friluftsliv ved vassdrag og sjø.



Billedtekst

### DELMÅL 3 TRYGG STAD Å BU, OG Å FERDAST

#### Strategiar:

- Førebyggjer trafikkuulykker gjennom samarbeidsprosjektet «Trafikksikker kommune».
- Sikrar at utbyggingsområde ikkje kjem i konflikt med potensielle fareområder som skred, flaum og trafikk.

### DELMÅL 4 GOD AREALUTNYTTING SOM BIND BÅDE FUNKSJONAR OG STADER SAMAN

#### Strategiar:

- Opparbeide trygge og attraktive gang- og sykkelforbindelsar mellom alle viktige knutepunkt.
- Samlokalisere tenester mest mogeleg, slik at dei skapar eit miljø og gjev positive ringverknader for kvarandre.
- Etablere gode møteplassar som inviterer fleire aldersgrupper saman.
- Auke urbaniseringa av stasjonsbyane.
- Utvikle stasjonsbyane med trivselskvalitetar, der kulturhistorie, estetikk og allmenn tilgjenge er viktige premisser.
- Dyrka mark skal takast vare på som grunnlag for lokal matproduksjon, men og for å ta vare på kulturlandskapet.
- Tap av dyrka mark ved utbygging skal erstattast med nydyrking, slik at nyttbar jord vert brukt opp att.
- Utnytte areal sett av til bustad- og næring betre.
- Leggje til rette for planmessig bruk av eigna overskotmassar ved utbyggingsprosjekt til samfunnsnyttige føremål ( i tråd med gjeldande lovverk).



Billedtekst





Billedtekst

## Open

### HOVUDMÅL:

**Stasjonsbyane Vaksdal, Dale og Stanghelle er attraktive sentra som inviterer til aktivitet.**

DELMÅL 1 DALE SKAL VERE EIN SAMLINGSPLASS FOR HEILE KOMMUNEN

Strategiar:

- Dale skal utviklast vidare som kommunesenter, og gje eit godt servicetilbod til innbyggjarane.
- Dale har både formelle og uformelle møteplassar, som inviterer til aktivitet og samhald for innbyggjarar og tilreisande.

DELMÅL 2 EIT VARIERT KULTURTLIBOD SOM FEMNER ALLE

Strategiar:

- Bruke kulturhistoria til kommunen som del av utviklingsarbeidet av stasjonsbyane.

- Bidra til at kulturskolen står fram som ein viktig institusjon både som lærings- og sosial arena.
- Bidra til eit godt kulturtilbod for alle aldersgrupper.
- Mangfald, integrering og inkludering vert fremja.

### DELMÅL 3 LETT FOR NÆRINGSLIVET Å ETABLERE SEG

Strategiar:

- Oppdatert næringsplan.
- Rask handsamingstid for nye næringsetablerarar.
- Synleggjere og formidle kva areal som er tilgjengelege for næring, og kva dei kan nyttast til.
- God dialog mellom kommune og næringsliv.
- Marknadsføre mogelegheitene kommunen har for ulike typar næringsutvikling.

### DELMÅL 4 BREDT TILBOD AV BUSTADAR OG ARBEIDSPASSAR, SOM SAMSVARAR MED FOLKETALSVEKST OG AREALTILGONG

Strategiar:

- Marknadsføre Vaksdal kommune, både som god buplass og ein god stad å drive næring.
- Leggje til rette for kompetansearbeidsplassar.
- Samarbeid mellom næringsliv og kommune, for å dra vekslar på kvarandre sine utfordringsbilete.
- Kvalitetane i Vaksdal må synleggjerast betre, slik at kommunen kan fungere som trekkplaster.



Billedtekst





Billedtekst

## Nyskapande

### HOVUDMÅL

**Vaksdal kommune er proaktiv, og vil vere robust til å handtere dei endringane ein møter.**

### DELMÅL 1 KOMMUNEN ER MEDVETEN I SI ROLLE I SAMFUNNSUTVIKLINGA

Strategiar:

- Oppdatert planverk som viktig styringsverktøy for kommunen.
- Marknadsføre kommunen med gode bu- og arbeidsmiljø.
- Inkluderer innbyggjarane i utviklinga av kommunen.
- Stimulere frivillige organisasjonar til deltaking i samfunnsnyttige og –utviklande aktivitetar.
- Legge folkehelseperspektivet til grunn i samfunnsutviklinga.

## DELMÅL 2 TENESTENE I VAKSDAL ER MODERNE, HELSE-FREMJEANDE OG INNOVATIVE

### Strategiar:

- Kommunen nyttar moderne verktøy og innovative løysingar.
- Kommunen har kompetanse til å utvikle tenestene sine.
- Universell utforming har fokus i alle nye kommunale prosjekt
- Folkehelse er eit tverrsektorielt arbeidsområde for planarbeid i kommunen.

## DELMÅL 3 AKTIV BIDRAGSYTAR FOR EIT REGIONALT OG INTERKOMMUNALT NÆRINGSLEV

### Strategiar:

- Finne ut kva tenester som er føremålstenlege å samarbeide om.
- Samarbeide om å vere synleg og attraktiv som region.
- Samarbeide om lokalisering av forskjellige typar næringsareal, slik at regionen får den variasjonen som trengs for å vere attraktiv.

## DELMÅL 4 EIT SAMFUNN SOM TEK HØGDE FOR FRAMTIDIGE UTFORDRINGAR

### Strategiar:

- Planlegging og utbygging som tek omsyn til forventa klima-utvikling.
- Auke kunnskapen kring flaum, kvikkleire, og springflo for kommunen, slik at dei riktige avgjerdene vert tatt i forkant av alvorlige risikohendingar.
- Ta i bruk ny teknologi for eit lavutsleppsamfunn.
- Arbeide for grønne produktval.
- Eterspørje klimavennlege og universelt utforma løysingar ved offentlege anskaffingar og private tiltakshavarar.

## DELMÅL 5 VEG- OG JERNBANEUTBYGGING BIDRAR TIL POSITIV SAMFUNNSUTVIKLING

### Strategiar:

- Arbeide for at framtidig utbygging av E16 og jernbane vil kome kommunen mest mogeleg til gode.
- Setje strenge krav i utbyggingsfasen, slik at utbyggingsfasen blir minst mogeleg belastande for innbyggjarane.
- Finne gode alternative løysingar for innbyggjarar/pendlarar under utbygging.
- Arbeide for at nedlagt jernbanetrasè vert del av Nasjonale sykkelruter.





